



Notat


Dato: 05.06.2018
Arkivsak: 2017/1774-9
Saksbehandlar: liztoll

Til: Gunhild Raddum, Matti Torgersen, Heidi Bjørnnes Larsen, Gunnbjørg Austrheim, Jostein Aksdal

Frå: Liz Eva Tøllefsen

2017/1774 Varsel om oppstart av detaljplan Tokagejelet - Kvam kommune - merknader?

Statens vegvesen har varsle oppstart av arbeid med kommunedelplan for fylkesveg 7 forbi Tokagejelet i Kvam herad. Planområdet strekker seg frå Steinsdalen i Kvam til Frøland i Samnanger. Samstundes vert det også varsle at forslag til planprogram er lagt ut til offentleg ettersyn saman med forslag til planprogram.



På bestilling frå Statens vegvesen Region vest, vegavdeling Hordaland, plan- og forvalningsseksjonen Voss og Hardanger (SSV), blei det fullført ein forprosjektrapport 11.07. 2016, som såg på kva for alternativ ein har for å løyse skred- og tunneltryggleik problema på fv. 7 gjennom Tokagejelet. Det er særskilt 2 punkt som har høg skredfare, og i 2013 gikk det skred som medførte ein lang stengingsperiode. Området består for ein stor del av ustabilt fjell som ikkje kan sikrast, og det er og fare for sørpeskred vintertid. Prosjektet er forankra i kommuneplanen og utgangspunkt for prosjektet er sikring av trafikantane., I tillegg til skredproblematikk, tilfredsstiller tunnelane heller ikkje krav til kurvatur og høyde.

Prosjektet sine overordna mål er som følger:

Det prosjektutløysande behovet er først og fremst å gje ein skredsikker veg forbi Tokagejelet.

Det må i tillegg vurderast fleire alternativ med mål som å sikre:

- Rask og trygg veg mellom Kvam og Bergen
- Rask og trygg veg mellom Norheimsund og Kvamskogen
- Gje minst mogleg negative konsekvensar for natur- og miljøverdiar
- Moglegheit for gåande og syklande forbi Tokagejelet
- Gje minst mogleg ulempe for trafikkantar i anleggsperioden

Planprogrammet og trasealternativ vart drøfta i regionalt planforum 28.11.2018. Forprosjektet syner tre overordna moglegheiter for å løyse skred- og tunneltryggleiksproblema på fv. 7 ved Tokagejelet. Dette er 1) utbetring av dagens vegsystem, 2) vidareutvikle dagens veg og forlenge Snauhaugtunnelen eller 3) å etablere ein ny vegkorridor. Innanfor den tredje løysinga fantes det tolv alternativ.

OBS. Nokre av alternativa frå forprosjektet er teken ut av planprogrammet.

Vi har bedt om utvida frist då dette bør handsakast politisk. Sett intern frist for tilbakemelding til 29. juni, om ikkje anna er avtala med meg.